

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Rådmannen	Ove Sæbø
	Saksnr.: 20/100	Klassering:

Modalen kommune, Bryggjeslottet - vidareføring av skjenkeløyve for øl og vin i slutta lag for perioden 30.06.20 - 30.09.20.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vidarefører Modalen kommune v/ Bryggjeslottet sitt løyve til skjenking av øl og vin i slutta lag for perioden 30.06.20 - 30.09.20. Vilkår gjeve i kommunestyrevedtak sak 033/2016 ligg til grunn for løyvet.

Saksopplysningar:

Modalen kommune v/ Bryggjelottet sitt skjenkeløyve for øl og vin i slutta lag går ut 30.06.20. Gjeldande løyve vart gjeve i kommunestyret 16.06.16.

For at kommunestyret skal kunne gje løyver må kommunen sin rusmiddelpolitiske plan vedtakast. Planen vil kunne vedtakast *før* sommaren 2020. Deretter vil alle som ynskjer sals- og/eller skjenkeløyve for komande periode kunne søkje og få handsama dette i kommunestyret innan utløp 30.09.20.

Bakgrunn

I 2019 vedtok kommunestyret å revidere rusmiddelpolitisk handlingsplan. Planen regulerer kommunen sin alkoholpolitikk.

Kommunestyret skal i kvar periode – med utgangspunkt i planen - ta stilling til kven som skal gjevast sals- og skjenkeløyve i kommunen for kommande periode, og kva vilkår som skal gjelde. Løyve gjevne i førre kommunestyreperiode kan gjelde fram til 30. september det første året etter at nytt kommunestyret har teke sete.

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at det er viktig at rusmiddelpolitisk handlingsplan vert vedteken *før* løyve for kommande periode vert gjevne. Difor bør Modalen kommune V/ Bryggjeslottet sitt løyve vidareførast fram til 30.09.20. På det tidspunktet vil det liggje føre ny plan som nye løyver skal vurderast i forhold til.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Modalen kommune v/ Bryggjelottet får vidareført sitt skjenkeløyve for perioden 30.06.20 – 30.09.20, og at vilkår gjevne i kommunestyrevedtak sak 033/2016 ligg til grunn.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost